



LYNGMO GLYTTEN

SEPTEMBER 2023



Bibelsommar i vest

Småbarnstreff

Sommarleir



Kjæmpehender

Helsing frå Lyngmo

Me er inne i ei tid med mykje endringar på ulike plan. Det kan være endringar i personleg liv, hausten er ofte ei tid for endring i jobb og skulesituasjon, samfunnet er i endring, arbeidsmetodar endrar seg – ja, det kan være ei oppleving av at verda endrar seg nesten for raskt.

På Lyngmo opplever me også endringar. Det har vore mykje endringar i staben dei siste åra. Gode medarbeidarar har slutta og heldigvis har nye komme til. Dette året har det komme nye barne- og ungdomsarbeidar i begge stillingane her på Lyngmo, i tillegg skal Arve Henning Bringe slutte på kjøkkenet no i oktober. Slike endringar er krevjande i ein liten stab, men me er takksame når det legg seg til rette og nye arbeidarar står klar til å gå inn i teneste i ulike deler av drifta av Lyngmo.

Arve Henning har hatt ansvar for tilrettelegging med menyar og bestillingar på kjøkkenet i tillegg til ordinære kjøkkenvakter. Me er

Gjett kven frå Bibelen:

1. 🌋 🔥 🌳 💬 👤
2. 🚢 🐑 🐑 ☁️ 🕊️ 🌈
3. 💪 🐘 🧑 🧬 🧑 💪

Svar finn du på nest siste side

Mitt bibelvers



Trine Lia Sviggum
26 år, Sogndal

«For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von»

Jeremia 29:11

takksame for kreativitet, matglede og humør som du har tilført oss i jobbkvardagen. Me ønsker deg lykke til vidare i anna jobb! Styret er no i gang med rekruttering av ny kjøkkenmedarbeider. Og veit du om nokon så må du gjerne sende oss eit tips!

Misjonssambandet og Sogn og Fjordane Indremisjon (SFI) eig Lyngmo. No er det litt strukturendringar hos SFI som er ein del av Indremisjonsforbundet (ImF). Eigarskapet av Lyngmo vert sannsynlegvis overført til ImF i eit ekstraordinært årsmøte i midten av sep-



tember. For Lyngmo sin del medfører ikkje dette større endringar. ImF vil forvalte eigarskapet tilsvarende som det har blitt gjort av SFI.

Dugnad og hjelp frå folket i bygdane rundt Lyngmo er eit anna område som er i endring. På Lyngmo er me rikt velsigna med mange gode folk som stiller opp. Samtidig ser me at det er ein fase no der me treng påfyll i ulike dugnadsoppgåver for å kunne drifte leirplassen vår på ein god måte! Håpar at du som er glad i Lyngmo kjenner etter om det er ein fase der du kan bidra med noko meir! Me klarar ikkje å arrangere det me skal og ønsker utan at de hjelper oss!

I ein kvardag der me kjenner at mykje er i endring er det godt å vite at Gud ikkje endrar seg og oppdraget på Lyngmo endrar seg ikkje. Vårt ønske er å nå ut til barn, ungdom og vaksne i alle aldrar med budskapet om at Jesus er glad i kvart enkelt menneske. Det vil

aldri endre seg! Han elsker oss uansett kva me gjer eller korleis me lever liva våre. Det einaste han ønsker er at me seier ja til å tru på at han er verdas Skapar og Frelsar!

«Jesus Kristus er i går og i dag den same, ja, til evig tid.» Hebr. 13,8

Ønsker dykk alle ein god haust og velkommen til Lyngmo!

Helsing Kjetil



Andakt

Eg ønskjer å vere så
full av Kristus
at hvis ein

mygg

biter meg, vil den

fly bort medan den syng

«Det er Kraft i Blodet»

Eg såg denne vitsen på sosiale media her om dagen, eg smila og lo og tenkte «mygg er irriterande dyr». Det hadde vore gøy å vere so full av Kristus at til og med myggen, som eg ikkje likar, hadde merka det. Kva betyr det eigentleg å vere full av Kristus? I Efesarane 5:18 står det;


bli fylte av Den Heilage Ande. Då Jesus for opp til himmelen sendte han Den Heilage Ande slik at vi kunne få vere fylt av han og kunne ha Jesus hos oss kvar einaste dag. Viss du har teke imot Jesu nådige, naglemerka hender, har du Den Heilage Ande inni deg. Måten du kan gjere dette enda synlegare for dei rundt deg er å tilbringe meir tid med å bli kjent med Jesus.

Månen er berre eit gjenskin av Sola, sjølv om det av og til ser ut som månen lyser av seg sjølv. Lat oss vere gjenskin av Jesus på same måte og lyse så sterkt at myggen fortset å syngje: «Det er kraft i blodet; eller Kristus!»

Andakt av Trine Lia Sviggum

Bibelsommer i vest!

Bibelsommar i Vest gjennomføres hvert år den første uka i juli. Det er tilrettelagt for at dette skal være en bibelcamping for alle generasjoner, med et inkluderende sosialt miljø og gode aktivitetstilbud til barn og ungdom. Deltakere kommer fra ulike deler av landet. Mange har Bibelsommar i Vest som et fast innslag i ferien og kommer igjen år etter år, mens det hvert år også er nye som kommer for første gang. I flere år har det vært et svært populært arrangement med venteliste, men etter koronapandemien har oppslutningen vært noe redusert.



På formiddagen er det bibeltimer med parallelle barnemøter for de minste. Midt på dagen legges det til rette for utflukter og aktiviteter, og enkelte dager settes det opp seminarer med aktuelle temaer. Etter felles kveldsmøte er det ungdomssamling med sosiale aktiviteter. Deltakerne på bibelcampingen overnatter enten på campingplassen, i hytter eller rom på internatet. Lokale fastboende



deltar også på enkeltmøter. I tillegg til aktiviteter og samlinger, er fellesskapet knyttet til måltidene i løpet av dagen et viktig element i bibelcampingen.

Forkynnelse og undervisning har en viktig plass, og gis mye rom i både bibeltimer, seminarer og kveldsmøter. Dette er noe av særpreget til Bibelsommar i Vest. I tillegg til forkynnere i Misjonssambandet har det vært tradisjon for å hente inn gjestetalere tilknyttet andre organisasjoner både i Norge og våre naboland. I år fikk vi besøk fra Uffe Kronborg, dansk sogneprest i en folkekirkenighet i Aalborg.

Som deltaker på Bibelsommar i Vest i flere år kan jeg anbefale flere lokale å ta turen innom Lyngmo i løpet av denne uka. Enten delta på enkeltmøter, eller sette av mer tid til noen innholdsrike og kortreiste feriedager på Lyngmo.

Tekst: Ole Martin Brennsæter



Småbarnstreff

Småbarnstreffet er ein møteplass for mor eller far med små barn i alderen 0-6 år. Her kan de treffe og bli kjent med andre foreldre, utveksle erfaringar, dele eit måltid eller berre være saman. Lyngmo sørger for varme, lunsj og leikar – og legg til rette for å kunne møte vener og kjente. Vi benytter ei stor peisestove i 1. etasje. Inngangen har rampe, så det er ikkje noe problem å ta med barnevogn.

Debbie Eikum har ansvaret for Småbarnstreffet på Lyngmo annakvar torsdag klokka 10:30. Det kostar 50 kr pr gong. Datoane denne hausten blir: 14. sept, 28. sept, 12. okt, 26. okt, 9. nov, og 23. nov. Velkommen!

Debbie



Bilete: Små og stor kosar seg i lag på Småbarnstreff som var den 15. juni. Familiar frå Luster, Indre Hafslo, Gaupne og Hafslo møtte opp.

Sommarleir

Sommarleir på Lyngmo kan by på mykje forskjellig. I år var det mange deltakarar og heldigvis nydeleg sol på alle leirane. Aktivitetane bestod i leik i gymsalen, badesklie, uteleik, og mykje bading. Badesklien blei flittig brukt og det var kø for å få bade. Dei tre ulike tema- ne for leirane var ; korleis Gud kunne være ein og samstundes tre, Guds nåde, og at du er sett og elska av Gud. Mange born fekk lært nye ting om Gud og kost seg på leir.



Trine Lia Sviggum er ny BUA!

I haust har me fått ny barne- og ungdomsarbeidar (BUA) i staben vår på Lyngmo! Trine har vore litt med på arrangement i sommar, men byrja for fullt frå 1. september. Hovudfokus for Trine vert på 4. - 7. klasseleirar og ungdomsleirane. I tillegg skal ho reise rundt og besøke barne- og ungdomslag i Indre Sogn. De vil også treffe ho på ulike andre arrangement på Lyngmo.

Trine er gift med Vegard og bur i Sogndal. Ho har gått på høgskulen i Sogndal og har utdanna seg til lærar der.

Me ønsker deg hjarteleg velkomen i staben og håpar at mange stiller opp når Trine tek kontakt for å få hjelp til ulike arrangement! Dei som vert med på leir som deltakar eller leiar får god moglegheit til å bli meir kjent med ho der!

Vær gjerne med og be om god trivsel og glede for ho i barne- og ungdomsarbeidet!



Leirtravaren

Namn: Sephora Kapia

Alder: 16 år

Kjem frå: Sogndal/Kongo

Har du vore mange gonger på leir?

Ganske mange gonger. Fyste gongen haust 2021

Kva er det kjekkaste du gjer på leir?

Felleskapet, aktivitetane, maten, gymsalen og andakt (Eg blir veldig distraherert heime, at eg nokon gonger ikkje klarar å få tid til å lese i Bibelen. På alle leirar får eg med meg noko som gjer store endringar i korleis eg lever livet mitt.

Har du eit favoritt bibelvers eller historie?

Eg har ikkje eit favoritt-bibelvers eller historie, men eg likar mest å lese frå det nye testamentet. Veldig masse frå Romarane og Johannes openbering.



Kva skjer?

SEPTEMBER 2023

- 4. Mandagsklubb og Knøttekor
- 14. Småbarnstreff
- 18. Mandagsklubb og Knøttekor
- 22.-24. Kvinnestemme
(Internatmøte for Kvinner)
- 28. Småbarnstreff
- 29.-01.10. Leir for 2.-4. klasse

OKTOBER 2023

- 2. Mandagsklubb og Knøttekor
- 6.-9. Leir for 4.-7 klasse
- 12. Småbarnstreff
- 16. Mandagsklubb og Knøttekor
- 26. Småbarnstreff
- 27. Haustbasar
- 30. Mandagsklubb og Knøttekor

NOVEMBER 2023

- 3.-5. Barnas Sangleir
- 9. Småbarnstreff
- 10.-12. Ungdomsleir
- 13. Mandagsklubb og Knøttekor
- 17.-19. Inspirasjonshelg for kvinner
- 23. Småbarnstreff
- 27. Mandagsklubb og Knøttekor

DESEMBER 2023

- 2. Juleverkstad
- 8. Julemiddag for alle
- 16. Julemiddag for ungdom

JANUAR 2024

- 11. Småbarsntreff
- 12.-14. Ung Vaksen leir
- 15. Mandagsklubb og Knøttekor

Minnegåve: Tusen takk for gåva
som vart gitt i samband med
gravferda til
Konrad Molland

Ta med barnelaget til Lyngmo!

Mat, andakt v/ bua på Lyngmo, leik og
aktivitet. Ta kontakt så finn me eit
passande tidspunkt!

Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med
kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

Svar Gjett kven: 1. Moses. 2. Noah, 3. Samson

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

Haustleir!

LEIRANE

2.-4. klasseleir	29. sept. -1.okt	760,-
4.-7. klasseleir	6.-9. okt.	940,-
Ungdomsleir (8.kl-3.vgs)	10.-12. nov.	850,-
Barnas Songleir	3.-5. nov.	800,-
Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå søsken nr. 2.		

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leirane som er med på leir skal leggje fram politiattest